

## VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Onsdag **20. februar 2013** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Øyvind Haraldseid.

<b>MØTESTAD:</b>	Vindafjord Rådhus, ordførarkontoret
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	Kl. 15.00 – kl. 17.00
<b>MØTANDE MEDLEMER:</b>	Øyvind Haraldseid(H), Margrete Veim(Frp), Nils Terje Oma(Ap), Bjørg Borgemyr(Krf)
<b>MØTANDE VARAMEDLEMER:</b>	Nils Skrunes (Frp)
<b>FORFALL:</b>	Anders Haugland(Sp)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Trond Kampen - KPMG AS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ordførar Ole Johan Vierdal
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 01/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.11.12**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 21.11.12 blir godkjent.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 20.02.13:**

Utvælet hadde ingen merknadar til protokollen.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.02.13:**

*Protokoll frå kontrollutvalsmøte 21.11.13 blir godkjent.*

## SAK 02/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 20.02.13

1. Årsrapport for 2012 – frå Skatteoppkrevaren i Vindafjord kommune
2. Statusrapport pr. februar 2013
3. Oppsummering frå NKRF konferansen på Gardermoen 5. – 6. februar
4. FKT medlemsbrev nr 2/12
5. Kommunestyrevedtak den 12.12.12, sak 081/12 - oppfølging av HIM rapport
6. Brev til Thomas Alvseike vedkomande byggesak på Utbjoa
7. Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Vindafjord kommune - lagt på representantane sitt bord

### Handsaming i kontrollutvalet 20.02.13:

1. Leiar gav Skatteoppkrevaren ros for godt arbeid
2. Ingen merknader
3. Sekretær og leiar refererte frå NKRF sin konferanse og opplevingane der.
4. Inntil 3 utvalsmedlemmer kan reise på konferansen til FKT i juni
5. Ingen merknader
6. Sekretær leste opp klagen frå Thomas Alvseike, utvalet drøfta klagen og svarbrevet som var sendt. Utvalet var samd om at klagen ikkje høyrd inn under deira mandat.
7. Utvalet fekk utdelt kontrollrapporten frå Skatt vest – ingen merknader

Ordføraren orienterte om situasjonen for Øyane Asvo, og utviklinga i selskapet den siste tida. Ny dagleg leiar er tilsett, ny styreleiar må veljast. Både Vindafjord og Etne føl utviklinga i selskapet nøyne.

KPMG har fått beskjed om å starta arbeidet med revisjonsprosjektet. I fylgje revidert prosjektplan vonar dei å ha ein rapport klar til mai 2013.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.02.13:

Referatsaker 1 – 7 og ordføraren sin utgreiing vert tatt til orientering.  
Inntil 3 utvalsmedlemmer kan reise på konferansen til FKT i juni.

## SAK 03/13 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2012

### Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

### Handsaming i kontrollutvalet 20.02.13:

Utvalet hadde ingen merknader eller tilføyinger til årsmeldinga.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.02.13:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

**SAK 04/13**

**RAPPORT SELSKAPSKONTROLL –  
INTERKOMMUNALT ARKIV IKS (IKA)**

**Sekretariatet sitt forslag til vedtak og innstilling til kommunestyret:**

1. Vindafjord kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.
2. Rapporten vert oversendt eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.

**Handsaming i kontrollutvalet 20.02.13:**

Sekretær orienterte om hovudinnhaldet i rapporten. Utvalet drøfta rapporten og slutta seg til tilrådingane.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.02.13 og innstilling til kommunestyret:**

1. *Vindafjord kommunestyre tek den framlagde selskapskontrollen av Interkommunalt Arkiv IKS til etterretning.*
2. *Rapporten vert oversendt eigarkommunane, som bes om å ta stilling til rapporten sine tilrådingar. Kontrollutvalet følgjer opp tilrådingane når det gjeld selskapet hausten 2013.*

**SAK 05/13**

**UTKAST TIL PROSJEKTMANDAT – EIGARSKAPS-  
KONTROLL AV VINDAFJORD KOMMUNE**

**Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Vindafjord tingar ein eigarskapskontroll av Vindafjord kommune i fylge vedlagte prosjektplan frå KPMG.

**Handsaming i kontrollutvalet 20.02.13:**

Trond Kampen frå KPMG orienterte om prosjektplanen dei hadde utarbeida. Utvalet drøfta framleggget og kom med nokre innspel til vektlegging av problemstillingar. Endeleg rapport frå prosjektet vil venteleg verte ferdig i mai 2013.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.02.13:**

*Kontrollutvalet i Vindafjord tingar ein eigarskapskontroll av Vindafjord kommune i fylge vedlagte prosjektplan frå KPMG.*

## EVENTUELTT

Nils Terje Oma tok opp tema korruption.

- Har kommunen ein beredskapsplan for handsaming av korruption?
- Kva gjer administrasjonen/politikarane for å avdekka korruption?
- Kva gjer administrasjonen/politikarane for å motarbeida korruption?

Utvalet drøfta innspelet og vil kome tilbake til saken ved ein seinare anledning.

**Neste møte: 15.05.13, kl. 15.00**

Ølen/Aksdal, 20.02.13

Øyvind Haraldseid  
Kontrollutvalsleiar

  
Odd Gunnar Høie  
Utvalssekreter